


Saman i leik og læring.



VELKOMEN TIL SKOLEN



Radøy kommune

SNART SKULESTART

Til foreldre/føresette.

Læreplanen for grunnskulen inneholder både mål og fagplanar for arbeidet i skulen. Læreplanen er forpliktande for skulen og foreldra, og det vert lagt opp til eit nært samarbeid mellom heim og skule.

På side 60 i planen står det:

"Skulen skal støtte heimen i oppføstring av ein ny generasjon og førebu dei unge på oppgåver i samfunnet. Foreldra/dei føresette har hovudansvaret for oppsedinga av sine eigne barn, og må derfor ha medansvar i skulen. Samarbeidet mellom heimen og skulen er eit gjensidig ansvar."

FØRSKULEDAGANE

På forskuledagane ønskjer vi at elevane skal verta kjende med skulen, lærarane og kvarandre. Kor tid desse dagane vert, vil de får nærmere melding om frå skulen.

TELEFONLISTE FOR SKULEVERKET I RADØY

Radøy kommune 56349000

Austebrygd skule 56372046/56372240
Rektor: Torunn T. Hovden

Hordabø skule 56346270
Rektor: Hanne Mari Engen

Manger skule 56349060
Rektor: Inger M. Ellingsen 976 68 332

Sæbø skule 56349800/56349810
Rektor: Rolf Sandstad

Radøy ungdomsskule 56349100
Rektor: Aleksander Kjeset

PPT for Radøy 56349280

Skuletannlegen 56373168

Skulelegen 56349090

LEGE

Arbeidet med skulehelsetenesta blir administrert av helsesyster med skulelegen som medisinsk sakkunnig. Alle elevar som tek til i 1. trinn skal ha lovbestemt legeundersøking. Helsesyster har som oppgåve å visa elevar til spesialundersøking når det trengst og elles støtta og hjelpa heim og skule.

Skulehelsetenesta held til på Manger, telefon 56349091.

TANNLEGE

Alle mellom 3 og 18 år får gratis stell av tennene. Elevane vil få innkalling til tannlegen med jamne mellomrom.
Tannlegen ser etter tennene og gjev rettleiing.
Foreldre/føresette er med.

Har foreldra bruk for råd før første innkalling står vi til teneste, og elles er eit godt samarbeid ein føresetnad for at vi skal lukkast i det førebyggjande arbeidet.

Tannklinikken held til i helsehuset på Manger, telefon 56373168.

SKULEFØREBUING

Skulen er meir enn ein stad å vera. Det er skuleplikt i Noreg, og i følgje lover og føresegner er det skulen si oppgåve å gje barna kunnskap og dugleik, og å gje hjelp til utvikling av interesser og haldningar i tråd med desse måla. Den viktigaste skuleførebuinga blir derfor etter vår mening at ein frå starten av får god kontakt mellom heim og skule.

Den viktigaste kontakten er den mellom kontaktlærar og den einskilde heimen. For kvar trinn skal det veljast 2 foreldrekontaktar. Desse skal samarbeida med lærarane i klassen, særleg kontaktlærarane.

Men skulen har og andre viktige samarbeidsfora:

Samarbeidsutvalet

med to foredrerepresentantar,
forelderråd

der alle foreldra er med og
arbeidsutvalet

under dette, der til vanleg fem foreldre er med.

Forelderrådet har vanlegvis møte i byrjinga av skuleåret, og her blir foredrerepresentantar valde til dei andre rådsorgana.

VELKOMEN TIL SKULEN

§ 1-1. Formålet med opplæringa

"*Opplæringa i skole og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring.*

Opplæringa skal bygge på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som òg kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

Opplæringa skal bidra til å utvide kjennskapen til og forståinga av den nasjonale kulturarven og vår felles internasjonale kulturtradisjon.

Opplæringa skal gi innsikt i kulturelt mangfold og vise respekt for den einskilde si overtyding. Ho skal fremje demokrati, likestilling og vitskapleg tenkjemåte.

Elevane og lærlingane skal utvikle kunnskap, dugleik og holdningars for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalte skaparglede, engasjement og utforskarkartrong.

Elevane og lærlingane skal lære å tenkje kritisk og handle etisk og miljøbevisst. Dei skal ha medansvar og rett til medverknad.

Skolen og lærebedrifta skal møte elevane og lærlingane med tillit, respekt og krav og gi dei utfordringar som fremjar danning og lærelyst. Alle former for diskriminering skal motarbeidast."

Vi har 4 skulekrinsar, og ein sentral ungdomsskule:

Austebrygd skule, Hordabø skule, Manger skule, Sæbø skule og Radøy ungdomsskule.

PPT

Den pedagogiske psykologiske tenesta, PPT, er skulen sitt rådgjevande organ når det gjeld særskilt tilpassa opplæring. Men like viktig er det at dei kan gje direkte hjelp til heimane både før skulestart og undervegs.

Dei tilsette i PPT kan gje råd og hjelp i ulike oppdragarspørsmål, trivnad på skulen og i heimen og elles problem knytt til tilpassing av opplæring.

Foreldre kan sjølv ta direkte kontakt med kontoret:

PPT for Radøy
Radøy kommune
Krossvegen 8
5936 Manger
Telefon 56349280

PPT-kontoret er ein del av Barne og Famelietenesta i Radøy. Tenesta har lokale på Bjørgvin DPS (gamle Radøy sjukeheim)

NORDHORDLAND KURSREGION FOR GRUNNSKULEN

I Nordhordland har vi organisert eit samarbeid om etterutdanning av undervisningspersonalet og leiaropplæring.

Dei viktigaste arbeidsfelta i dei nærmaste åra er skuleutvikling gjennom opplæring av leiarane, etterutdanning av lærarar og fagleg rettleiing av skular som driv med ymse prosjekt.


KVEN ARBEIDER I SKULEN

Skuleetaten er ein stor arbeidsplass i Radøy.

Vel 80 tilsette tek seg av undervisningsoppgåvene. I tillegg har vi reinhaldspersonale og vedlikehaldsarbeidarar.

Den pedagogiske psykologiske tenesta (PPT) gjev råd. Dei prøver å hjelpe elevar, lærarar og føresette med problem i skule og heim.

Skulane kan i samarbeid med foreldre og PPT i tillegg få fagleg hjelp frå spesialinstitusjonar utanom Radøy.



side 7

DET FORMELLE ANSVAR FOR SKULEN

Radøy kommune v/kommunestyret har ansvar for grunnskulen på Radøy. Formannskapet har ansvar for drifta innafor dei rammene som kommunestyret gjev.

Rådmannen og assisterande rådmann står for den administrative leiinga av skuleverket. Rådgjevar oppvekst har den pedagogiske kompetansen på kommunenivået.

Rektor har ansvar for sin skule, og på kvar skule er det eit samarbeidsutval. Her sit representantar for skulefellesskapet:

- 2 representantar frå undervisningspersonalet
- 1 representant for dei andre tilsette
- 2 representantar frå elevrådet
- 2 representantar frå foreldrerådet
- 2 representantar for kommunen (rektor og ein som er valt av kommunestyret)

Kommunestyret har opna for at oppgåvene til SU kan overtakast av eit skolemiljøutval, der brukarane har fleirtal i utvalet.

Lærarane er ansvarlege for planlegging og gjennomføring av undervisninga. Undervisninga er styrt av dei rammene som er gjevne i læreplanen og dei lover og føresegner som gjeld til ei kvar tid.

Skulen har ansvaret for at dei føresette er godt orientert om eleven si utvikling og framgang, og skal ta initiativ til slikt samarbeid.

Kontakten mellom skule og heim vert såleis både konferansetimar om den einskilde eleven, og klasseforeldremøte for heile klassen.

side 4

UNDERVISNINGA

Klassen er ei viktig sosial eining i skulen, men klassen kan godt delast i grupper, og det er også slik at fleire lærarar kan undervisa samstundes på same trinn.

Ved sida av lærebøkene blir det rundt om på skulane brukt ymse andre lærermiddel. I dag er ein stor del av desse IKT-baserte, då klasseromma ved Sæbø skule har elektroniske tavler, og ved dei andre skulane prosjektørar.

Born er ulike, og skulen har som overordna mål å gje den einskilde eleven eit skuletilbod som er tilpassa så langt råd er. Særskilt tilpassa opplæring er tilrettelegging av undervisning for elevar som treng ekstra hjelp.

Skulane har i samarbeid med foreldre, barnehage og den pedagogisk psykologiske tenesta ansvar for at tilbod om særskilt tilrettelagt undervisning blir ordna på beste måten, og til rett tid.

Eineforsytarar

I heimar der det berre er den eine av foreldra som har ansvaret for kontakten mellom heimen og skulen, må skulen få melding om dette.

MÅLFORM

Skulekrinsane vel sjølv kva målform som skal gjelda for krinsen. Det er likevel slik at om 10 heimar ønskjer anna målform enn den som krinsen har valt, gjev loven heimel for oppretting av språkdeling etter nærare reglar.

KUNNSKAPSLØFTET 2006

Læreplanen vidarefører den generelle delen og innfører læringsplakaten, som inneholder 11 grunnleggende forpliktingar. Desse elementa er felles for grunnskule og vidaregåande skule.

Sjølvle læreplanane for fag og steg byggjer på følgjande fem grunnleggjande dingleikar:

- å kunne uttrykke seg munnleg
- å kunne lese
- å kunne rekne
- å kunne uttrykke seg skriftleg
- å kunne bruke digitale verktøy

§ 2-3a. Fritak frå aktivitetar m.m. i opplæringa

Skolen skal vise respekt for elevane og foreldra sine religiøse og filosofiske overtydingar og sikre retten til likeverdig opplæring.

Elevar skal etter skriftleg melding frå foreldra få fritak frå dei delar av undervisninga ved den enkelte skolen som dei ut frå eigen religion eller eige livssyn opplever som utøving av ein annan religion eller tilslutning til eit anna livssyn, eller som dei på same grunnlag opplever som støytande eller krenkjande. Det er ikkje nødvendig å grunngi melding om fritak etter første punktum.

Det kan ikkje krevjast fritak frå opplæring om kunnskapsinnhalten i dei ulike emna i læreplanen. Dersom skolen på eit slikt grunnlag ikkje godtek ei melding om fritak, må skolen behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova.

Skulane i Radøy utarbeider kvart år planar for verksemda i skulen. Rektor har eit særskilt ansvar for å setja i gong ein prosess der foreldra er med og prioriterer område skulen treng utvikling på. Godt samarbeid mellom heim og skule er nødvendig for å skapa eit trygt, stabilt og utviklande skolemiljø.